



Kinn - Florø ungdomsskule



Bakgrunn (kvifor skal vi bygge?)

Kinn kommune har fleire skular som har behov for oppgradering av uteområdet sitt både for at elevar på skulen skal ha auka aktivitet og trivsel, men og for at skuleområdet skal kunne brukast av andre på ettermiddag og kveld. Desse andre kan være lag og organisasjonar, nabolag, born og unge, ungdomsklubb og så bortetter. I kommuneplanen sin samfunnsdel forpliktar kommunen seg til å være både samfunnsutviklar, tenesteytar og forvaltar. I fleire kapittel i planen vert det lagt vekt på trivsel og bulyst, at born og unge skal ha eit mangfaldig tilbod for fysisk aktivitet og sosiale møteplassar, og at lokale sentra skal styrkjast gjennom tilrettelegging for leik og kulturaktivitetar (sjå kommuneplanen sin samfunnsdel for meir informasjon). Florø ungdomsskule sitt uteområde er spesielt viktig både fordi det treng utvikling, men og fordi det har ein sentral plassering i byen og er eit viktig område for mange interessegrupper. Ungdomsskulen har sjølv ivra for utvikling i mange år og har ved fleire høve vore med på planlegging av tiltak som diverre har vorte avlyst. Likevel er det framleis eit stort engasjement blant både tilsette, elevar og foreldre.



Visjon

Florø ungdomsskule har som visjon og verdiar: eit innbydande fellesskap som inviterer til inkludering, tilhørighet, læring og meistring for mangfaldet av ungdommar.

Prosjektmål

Hovudmålet er å byggje eit uteområde som stettar behova til born og unge som er knytt til området både på dagtid og ettermiddag/kveld. Tiltaka skal stimulere både til fysisk aktivitet og sosiale møter. Delmål vert utvikla ved omfattande brukarmedverknad frå dei aktuelle interessentane i eit samarbeid med fagmiljøa.

